

Vedtekter og plan for SFO

«Fabelen om den dristige måken Jonathan er fylt av livsglede; gleda over sjølve aktiviteten, det å ta seg sjølv i bruk, og å våga å tøya seg etter det som for den enskilde gir mening.»



15.12.2022

Kommunedirektøren

Innhaldsliste:

| | |
|--|-----------|
| Del A: Vedtekter for SFO i Bømlo kommune | 4 |
| § 1 Lovverk | 4 |
| § 2 Eigartilhøve..... | 4 |
| § 3 Definisjon og formål | 4 |
| § 4 Overordna styring | 4 |
| § 5 Lokal styring og leiing | 4 |
| § 6 Tilsynsmynde | 5 |
| § 7 Bemanning..... | 5 |
| § 8 Inntak | 6 |
| § 9 Leike- og oppholdsareal..... | 6 |
| § 10 Økonomi | 6 |
| § 10.1 Statleg tilskot..... | 7 |
| § 10.2 Kommunalt tilskot..... | 7 |
| § 10.3 Opphold og foreldrebetaling | 7 |
| § 10.4 Tilpassa plassar | 8 |
| § 11 Måltid | 8 |
| § 12 Opningstider | 8 |
| § 13 Ferie..... | 8 |
| § 14 Forsikring | 9 |
| § 15 Klage | 9 |
| Del B: Plan for SFO i Bømlo kommune | 10 |
| Nasjonal rammeplan for SFO..... | 10 |
| 1. Om rammeplan for skolefritidsordninga..... | 10 |
| 2. Skolefritidsordninga sitt verdigrunnlag..... | 11 |
| 2.1. Overordna om verdigrunnlaget til SFO..... | 11 |
| 2.2. Eigenverdien til barndommen..... | 11 |
| 2.3. Tryggleik, omsorg og trivsel..... | 11 |

| | |
|---|-----------|
| 2.4. <i>Mangfold og inkludering</i> | 11 |
| 2.5. <i>Skaparglede, engasjement og utforskarterong</i> | 12 |
| 2.6. <i>Demokrati og fellesskap</i> | 12 |
| 2.7. <i>Berekraftig utvikling</i> | 12 |
| 3. Innhaldet i skulefritidsordninga..... | 12 |
| 3.1. <i>Overordna om innhaldet i SFO</i> | 12 |
| 3.2. <i>Leik</i> | 13 |
| 3.3. <i>Kultur</i> | 13 |
| 3.4. <i>Fysisk aktivitet og bevegelsesglede</i> | 13 |
| 3.5. <i>Mat og måltidsglede</i> | 14 |
| 4. Ei inkluderande skulefritidsordning | 14 |
| 5. Samarbeid i skulefritidsordninga | 15 |
| 5.1. <i>Overordna om samarbeid</i> | 15 |
| 5.2. <i>Overgang frå barnehage til skule og SFO</i> | 15 |
| 6. Kvalitetsutvikling | 16 |
| 6.1. <i>Overordna om kvalitetsutvikling</i> | 16 |
| 6.2. <i>Planarbeid</i> | 16 |
| Del C: Lokale aktivitetar i Bømlo SFO | 17 |
| 1. Samarbeid med kulturskulen..... | 17 |
| 2. Samarbeid med folkebiblioteket | 17 |
| 3. Fysisk aktivitet | 17 |
| 4. Mat på SFO | 17 |
| 5. Ulike prosjekt i SFO | 17 |

Del A: Vedtekter for SFO i Bømlo kommune

Gjeldande frå 01.01.2023.

§ 1 Lovverk

Skulefritidsordninga vert driven etter § 13.7 i Opplæringslova og dei retningsliner og krav som gjeld for tildeling av statstilskot.

§ 2 Eigartilhøve

Bømlo kommune er eigar av skulefritidsordningane. Eigar lagar vedtekter, opprettar og legg ned ordningar. Kommunestyret gjer vedtak om omfang av kommunal eigenandel og foreldrebetaling.

§ 3 Definisjon og formål

Skulefritidsordninga er eit omsorgs- og fritidstilbod før og etter den obligatoriske skuletida for alle elever på 1.- 4.trinn. Elever på 5.- 7.trinn med særskilde behov, kan òg søkja plass i skulefritidsordninga.

Skulefritidsordninga skal legge til rette for leik, sosial læring, kultur og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser. Vidare skal skulefritidsordninga gje barna omsorg og tilsyn. Barn med særskilde behov skal gjevast gode vilkår for utvikling. Skulen sine generelle mål gjeld også for skulefritidsordninga.

§ 4 Overordna styring

Bømlo kommune er ansvarleg for drift av dei skulefritidsordninga som er omfatta av desse vedtekta.

§ 5 Lokal styring og leiing

Verksemdsleiar er administrativt, økonomisk og fagleg ansvarleg for drift av den einskilde ordninga innanfor rammer som er satt av lov, forskrifter, vedtekter og budsjett.

Skulefritidsordninga skal ha eigen leiar, SFO-leiar, dersom det er fleire enn 25 barn. Eigen SFO-leiar får delegert mynde frå einingsleiar til administrasjon av skulefritidsordninga, fagleg utvikling og dagleg personaloppfølging, og er ein del av skulen sitt leiarteam eller samarbeider tett med skuleleiinga.

Det skal veljast foreldrerepresentantar på lik linje med ein vanleg klasse. Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) kan då utvidast med ein representant frå skulefritidsordninga, eller ein representant frå ein skuleklasse på 1.-4. trinn kan ivareta både skule- og SFO forelder rolla i FAU.

Samarbeidsutvalet er styre for skulefritidsordninga.

Skulen og Samarbeidsutvalet fastset ordensreglar som gjeld for SFO. Desse skal vera i samsvar med lokal forskrift.

Forskrift om ordensreglement for grunnskulen i Bømlo punkt 1.2.:

https://www.bomlo.kommune.no/_f/p1/i06307496-d70a-4baf-a384-39dd9ced758b/oki-forskrift-ordensreglar-bomlo-kommune-vedteke-kommunestyret-2014.pdf

1.2. Innhold og virkeområde

Ordens- og åtferdsreglementet omfattar alle grunnskular i kommunen.

Reglementet inneholder reglar for åtferd, reglar for kva for tiltak som skal nyttast ved brot på reglementet (sanksjonar), og reglar for framgangsmåten når slike saker skal handsamast (sakshandsamingsreglar).

Reglar og sanksjonar som er omtala i opplæringslova og forskrifter til opplæringslova, er som hovudregel ikkje gjenteke i ordensreglementet. Skulen plikter å informere føresette og elevar om desse reglane.

Skulane har ansvar for elevane i undervisning, arrangement, ekskursjonar m.m. Dette vil seie at ordensreglementet gjeld i alle typar undervisningslokale, i fellesrom, uteområde og på turar i skulen sin regi.

Ordensreglementet for den einskilde grunnskule skal også gjelde på skulevegen.

Skulefritidsordninga (SFO) i grunnskulen skal ha eige ordensreglement fastsett som ein del av avtalen mellom den einskilde skule og dei føresette til barnet.

§ 6 Tilsynsmynde

Statsforvaltaren i Vestland fører tilsyn med skulefritidsordninga.

§ 7 Bemanning

SFO-leiar skal ha relevant pedagogisk utdanning. Rettleiande norm for bemanning i skulefritidsordninga er 12 barn per tilsett men med auke til 1,5* vaksen per 24 barn.

*1,5 vaksen: i eit tidsrom (t.d. 2 timer) med mellom 12 og 24 barn, kan det halve tida vera 1 vaksen og halve tida vera 2 vaksne; = 1,5 vaksen.

For barn med særskilde behov og vanskar, vert det tilsett ekstrahjelp etter behov og sakkunnig vurdering.

§ 8 Inntak

- Alle elevar på 1. – 4. trinn kan søkja plass i SFO. Eleven har plassen til plassen vert sagt opp eller til eleven er ferdig med 4. klasse.
- Elevar på 5.-7. trinn med særskilde behov er sikra plass etter søknad.
- Leiar i skulefritidsordninga og verksemdsleiar administrerer plass i SFO.

Søknadsfrist for hovudinntaket i skulefritidsordninga er 1. mai.

Dersom plassen til eit barn vert sagt opp eller endra i skuleåret, er det 1 månad skriftleg oppseiingstid, gjeldande frå den 1. i kvar månad.

Ved oppseiing eller endring av plass etter 1.mai, må ein betale for SFO-plassen ut skuleåret.

Ved flytting frå kommunen gjeld oppseiingsreglane.

Søknad skjer elektronisk i Vigilo.

§ 9 Leike- og oppholdsareal

Oppholdsrom og uteareal skal vera godkjent etter plan og bygningsloven, byggjeforskrifter, kommunehelsetenesta, arbeidsmiljølova, lov om produktkontroll og forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular.

Basearealet skal vera minimum 2,5 m² pr elev. Som baseareal vert rekna innvendige oppholdsrom som er i fast bruk i heile opningstida i skulefritidsordninga. I tillegg bør skulefritidsordninga kunne disponera nødvendig tilstøytande klasserom og grupperom. Døme: skulekjøkken, gymsal, aktivitetsrom. Barn med særskilde behov og vanskar skal ha tilgang til alle rom som skulefritidsordninga nyttar.

Kvar skulefritidsordning definerer sine uteområde utifrå dei lokale forholda.

Bygg og uteområde skal vera godkjente i h.h.t. miljøretta helsevern. Skulefritidsordninga er ein del av skulen sitt helse, miljø og tryggleiksansvar.

Føresegn i Barnekonvensjonen artikkel12 og kapittel 9A i opplæringslova er gjeldande for skulefritidsordninga, jf [§ 9A-1](#). Etter [§ 9A-2](#) har alle elevar rett til eit trygt og godt skolemiljø som fremjar helse, trivsel og læring.

§ 10 Økonomi

Skulefritidsordninga skal finansierast gjennom statleg tilskot, kommunalt tilskot og eigenbetaling frå foreldra.

Kommunestyret fastsett betalingssatsane som skal vere lik for alle kommunale skulefritidsordningar, jf. Opplæringslova §13-7 femte ledd.

§ 10.1 Statleg tilskot

Tilskotssatsane for skulefritidsordninga vert fastsett gjennom det årlege statsbudsjettet.

15 % av det tilskotsbeløpet som vert utbetalt til den einskilde kommune, skal gå til å styrke tilbodet til elevar som treng særskild hjelp etter sakkunnig vurdering.

§ 10.2 Kommunalt tilskot

Kommunen dekkjer alle utgifter til lokale, mellom anna husleige, lys, varme, reinhald og vaktmeister, utstyr, uteareal og dei administrative kostnadane.

Meirutgifter til barn med særskilde behov og vanskar utover det statstilskotet dekkjer, vert dekka av kommunen.

§ 10.3 Opphold og foreldrebetaling

Foreldrebetalinga skal vera med å dekka kostnadane til løn for ordinært personale tilsett i skulefritidsordninga og driftskostnader til materiell og utstyr.

Det er fleire alternativ for opphold:

- Heil plass, frå kl. 07.00 til kl. 16.00
- Redusert plass: 75 % plass, 50 % plass og 25 % plass. Sjå timeoversikt i prisliste.
- Morganopphold før skuletid frå kl. 07.00 til skulestart.
- Gratis kjernetid for 1. klassingar frå 2022 og 2. klassingar frå 2023; totalt 12 timer rett etter skuleslutt med 2,5 timer pr dag måndag til torsdag, 2 timer fredag.
- For elevar som har SFO plass kan det ved oppståtte kortvarige behov søker om å få kjøpa enkelttimer i tillegg til plassen eleven har.

Samarbeidsutvalet ved den enkelte skule kan vedta endring i opningstid innafor dei økonomiske rammene til SFO.

- Ved den einskilde eining kan det verta ekstra betaling for mat/drikke.
- Det vert kravd foreldrebetaling for 10 terminar pr. år (ni heile månader og halv juni og halv august). Utanom dette vert det kravd ekstra betaling for opphold i skulen sine ferie- og fridagar, og for tilfeldig dagsopphold.
- Det vert kravd betaling for opphold etter dei betalingssatsane og retningslinene som til ei kvar tid er vedteke av kommunestyret.
- Det vert gjeven søskenmoderasjon på 25%.
- Foreldre med dokumentert låg inntekt kan etter søknad få redusert foreldrebetaling, pr elev skal prisen vere maksimalt seks prosent av inntektene til hushaldet. *
- Barn med særskilde behov på 5.-7.trinn som har sakkunnig uttale der hovuddiagnosen gjer at det er til barnet sitt beste å vere i SFO, har gratis plass.*
- Gratis kjernetid for 1. og 2. klassingar går til fråtrekk på pris for SFO plass.

*Tilføgd ved ny forskrift 1B til Opplæringslova 2.juli 2020 nr. 1492 (i kraft 1. aug 2020)

§ 10.4 *Tilpassa plassar*

- Barn med særskilde behov, frå 5. til og med 7. klasse.
- Skuleleiing/SFO leiar kan i høve der det er behov for kriseplass, dagplass eller enkelttimar for barn utan fast SFO plass, vurdera dette. Kontakt den einskilde SFO for meir informasjon dersom det oppstår eit slikt behov.

§ 11 Måltid

Skulefritidsordninga må ha tilgang til kjøkken der det kan lagast enkle måltid. Barna må ha med seg matpakke til fellesmåltidet.

Ved enkelte skulefritidsordningar kan det vere tilbod om matservering mot ekstra betaling.

§ 12 Opningstider

Skulefritidsordninga på den einskilde skule følgjer skuleruta. Det er berre SFO tilbod på eigen skule på skuledagar.

Opningstid heile året kl 07.00 – kl. 16.00/16.30.

Samarbeidsutvalet ved den enkelte skule kan vedta endring i opningstid innafor dei økonomiske rammene til SFO.

§ 13 Ferie

SFO følgjer skuleruta.

Det er felleskommunalt tilbod om ferie-SFO i haust- og vinterferie, juleferie og i sommarferie; inntil 2 veker i juni etter at skulen tek ferie, og inntil 2 veker i august før skulestart på Svortland skule. SFO er stengd i juli.

Det er tilbod om felleskommunalt SFO tilbod på Svortland skule på alle fridagar som ikkje er høgtidsdagar.

Påmelding til SFO i feriane og på fridagar skjer på eige skjema ein finn elektronisk på kommunen si heimeside (i Vigilo). Påmeldinga er bindande.

Det vert kravd ekstra foreldrebetaling for ferieopphold og fridagar – beløpet vil gå fram av påmeldingskjemaet.

Søknadsfristen for desse tilboda er 4 veker før fridag/første feriedag og 20. mai for sommar-SFO.

§ 14 Forsikring

Elevane har kollektiv ulukkesforsikring i den tida dei er i skulen/SFO, samt på direkte veg til og frå skulen/SFO. Skulen/SFO er ikkje erstatningspliktig for klede, sko, briller eller gjenstandar barna har med seg eller som vert borte/øydelagde i skule/SFO si opningstid.

§ 15 Klage

Enkeltvedtak (opptak, oppseiing, endring av oppholdstid) kan påklagast etter Forvaltningslova kapittel VI. Eventuell klage skal sendast skulen. Klagefrist er 3 veker. Endeleg klageinstans er den kommunale klagenemnda i Bømlo kommune.

Del B: Plan for SFO i Bømlo kommune

Nasjonal rammeplan for SFO

Rammeplanen er fastsett av Kunnskapsdepartementet 31.05.2021 med heimel i lov 17. juli 1998 nr. 61 om grunnskulen og den vidaregående opplæringa (opplæringslova) § 13-7. Forskrifta trer i kraft 1. august 2021.

Den nasjonale rammeplanen for SFO skal vera styrande for innhaldet i skolefritidsordninga i Bømlo.
<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

1. Om rammeplan for skolefritidsordninga

Denne rammeplanen gjeld for arbeidet i skolefritidsordninga (SFO). SFO skal legge til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn. Dette følgjer av opplæringslova § 13-7.

Rammeplanen har status som forskrift med heimel i opplæringslova § 13-7, og gjeld for skolefritidsordningar som er omfatta av denne føresegna. Kommunen eller verksemda som kommunen bruker til å oppfylle si plikt etter opplæringslova § 13-7, har ansvaret for at SFO blir drive i samsvar med gjeldande regelverk.

Rammeplanen gir rom for lokale variasjonar, satsingar og planar. For å sikre eit heilskapleg perspektiv på oppveksten og utviklinga til barna bør SFO og skole samarbeide tett. Når SFO er knytt til skolar, skal rektor til vanleg vere leiaren for verksemda, jf. opplæringslova § 13-7. Rektor kan delegerere oppgåver til ein som får ansvar for den daglege drifta av SFO.

Kapittel 9 A i opplæringslova om skolemiljøet til elevane gjeld òg for SFO, bortsett frå dei unntaka som følgjer av § 9 A-1. Kapittel 9 A handlar om retten til eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø i SFO og plasserer ansvaret for tryggleiken til barna hos dei vaksne. Personalet i SFO er òg omfatta av meldeplikta til barnevernet, jf. barnevernlova § 6-4. Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skolar m.m. gjeld òg for SFO.

Rammeplanen presiserer og utdjupar verdigrunnlaget for SFO. Verdigrunnlaget for SFO byggjer på grunnleggjande verdiar som òg gjeld for barnehage og grunnopplæring. Noreg har sluttar seg til internasjonale konvensjonar, slik som FNs konvensjon om barnets rettar og ILOkonvensjon nr. 169 om urfolk og stammefolk i sjølvstendige statar. Verdigrunnlaget i rammeplanen byggjer òg på desse. Rammeplan for SFO består av seks kapittel: 1. Om rammeplan for skolefritidsordninga, 2. Verdigrunnlaget til skolefritidsordninga, 3. Innhaldet i skolefritidsordninga, 4. Ei inkluderande skolefritidsordning, 5. Samarbeid i skolefritidsordninga og 6. Kvalitetsutvikling

2. Skolefritidsordninga sitt verdigrunnlag

2.1. Overordna om verdigrunnlaget til SFO

SFO skal byggje praksisen sin på grunnleggjande verdiar som er felles i formålsparagrafane til barnehagen og opplæringa. Verdigrunnlaget skal formidlast og praktiserast i alle delar av arbeidet i SFO og prege innhaldet og arbeidsmåtane.

2.2. Eigenverdien til barndommen

Barndommen har ein eigenverdi, og SFO skal, i samarbeid og forståing med heimen, dekkje behovet barna har for omsorg og tilsyn, samtidig som det blir gitt rik moglegheit for meiningsfull fritid og leik. SFO skal bidra til trivsel og glede i sjølvvald leik og tilrettelagde aktivitetar, og gi rom for rekreasjon og kvile. Barnets beste skal alltid vere eit grunnleggjande om - syn. Barn har rett til å uttale seg om forhold som gjeld dei, og synspunkta til barnet skal vektleggjast i samsvar med alder og modenskap. SFO skal bidra til barna si meistring og oppleving av eigenverd.

2.3. Tryggleik, omsorg og trivsel

SFO skal vareta og møte behovet som barna har for omsorg, tryggleik, trivsel, tilhørsle og anerkjenning. Omsorg er ein føresetnad for barn sin tryggleik og trivsel og for utvikling av empati. I SFO skal kvart enkelt barn bli sett og få støtte til å utvikle empati og vise omsorg for andre. Barn skal både få omsorg og givast mogleheter for å gi omsorg.

SFO skal fremje den fysiske og psykiske helsa til barna og bidra til at dei opplever glede og meistring. SFO skal støtte utviklinga av trygge og gode relasjonar barna imellom, mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra til barna. SFO skal fremje inkludering og bidra til at alle barna har moglegheit til å utvikle vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler. Barna skal ha moglegheit til både aktivitet og kvile i løpet av tida dei er i SFO.

2.4. Mangfold og inkludering

Respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfold skal leggjast til grunn for arbeidet i SFO. Gjennom å anerkjenne dei ulike føresetnadene, perspektiva og erfaringane til barna kan SFO bidra til at barna får utvikle eit positivt forhold til seg sjølv og til eigen og andre sin kultur og erfaringsbakgrunn. SFO skal leggje til rette for at samiske barn kan ta vare på og utvikle språket sitt og kulturen sin. SFO skal innretta slik at alle barn får gode utviklingsvilkår, uavhengig av barna sine føresetnader og behov for tilrettelegging, og bidra til at alle barn er ein del av eit inkluderande fellesskap.

2.5. *Skaparglede, engasjement og utforskarterong*

Ved å ta utgangspunkt i skapargleda, engasjementet og utforskarterongen til barna skal SFO gi ei god ramme for heilskapleg utvikling og læring. Læring i SFO går først og fremst føre seg gjennom leik, sjølvvalde aktivitetar og samhandling med andre barn og med personalet i SFO. SFO skal anerkjenne at å leike er ein typisk veremåte blant barn, og at leiken har ein eigenverdi. SFO skal prioritere tid og rom for leik. SFO skal støtte barna si naturlege nysgjerrigkeit og lyst til å skape og vere kreative, engasjerte og utforskande. Innhaldet, arbeidsformene og det fysiske miljøet i SFO skal støtte opp under barna si lyst til å leike, skape, utforske og meistre.

2.6. *Demokrati og fellesskap*

SFO skal fremje demokrati, motarbeide alle former for diskriminering og byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og likeverd. SFO skal bidra til at barn møter og ser verdien av eit likestilt samfunn der alle har moglegheit til å bli sett og hørt. Barna skal oppmuntrast til deltaking i fellesskapet. Barna skal få støtte til å inkludere andre sine perspektiv, handtere meiningsbrytningar og respektere usemjø og finne felles løysingar. Gjennom å delta i fellesskap får barna øve på å tilpasse seg andre, men òg setje eigne grenser og uttrykkje eigne behov. Barn har rett til medverknad tilpassa deira alder og føresetnader, inkludert i arbeidet for eit trygt og godt fysisk og psykososialt miljø.

2.7. *Berekraftig utvikling*

Berekraftig utvikling omfattar samanhengen mellom sosiale, økonomiske og miljømessige forhold. SFO skal støtte opp under verdiar, haldningar og handlingar som fremjar ei berekraftig utvikling. SFO skal støtte barna i å utvikle naturglede og i å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. SFO skal oppmuntre barn til å reflektere og handle etisk og miljøbevisst, vise solidaritet og ta gjennomtenkte val.

3. Innhaldet i skulefritidsordninga

3.1. *Overordna om innhaldet i SFO*

SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar som er tilpassa barn i ulik alder og med ulikt funksjonsnivå. SFO skal, gjennom innhald og arbeidsmåtar, leggje til rette for god samhandling i barnegruppene, mellom enkeltbarn og mellom vaksne og barn. Barna skal ha gode vilkår for å medverke i SFO.

SFO skal ha eit helsefremjande innhald. Dette krev òg eit areal som passar både alderen og føresetnaden i barnegruppa. SFO bør leggje til rette for aktivitetar både utandørs og innandørs. SFO skal bidra til den psykiske helsa til barna gjennom å støtte opplevingane deira av livsglede, meistring og eigenverd og

utviklinga deira av eit positivt sjølvbilete og ein trygg identitet. Innhaldet i SFO skal støtte opp under at alle barn har moglegheit til å utvikle vennskap.

Når digitale ressursar blir brukte i SFO, må det skje på ein formålstenleg og forsvarleg måte og slik at det kan stimulere barn til utforskande, kreativ og skapande samhandling. Det er SFO sitt ansvar å vareta tryggleiken til barna på nett og at reglar for personvern blir følgde ved bruk av digitale ressursar.

Aktivitetane i SFO skal tilpassast kvar enkelt barnegruppe. SFO skal vareta interessene til barna og introdusere nye aktivitetar. I tillegg til sjølv å legge til rette for aktivitetar kan SFO samarbeide med kulturskolar, lokale lag, foreiningar og organisasjonar for å gjennomføre og organisere innhaldet og aktivitetane. I planlegginga av innhaldet skal SFO vere bevisst på at aktivitetar òg kan verke ekskluderande på enkeltbarn eller grupper, til dømes på grunn av økonomi, behov for særskild tilrettelegging og språkleg eller kulturell bakgrunn. SFO skal vurdere korleis det heilskaplege tilbodet i SFO kan tilpassast for å vere mest mogleg inkluderande.

SFO kan tilby tilrettelagde aktivitetar som støttar opp under innhaldet i skolen. Tilnærminga i SFO skal likevel vere ei anna enn i skolen, slik at det blir lagt særleg vekt på sjølvvald leik og annan barnestyrт aktivitet.

3.2. Leik

Leiken skal ha stor plass i SFO, og barna skal ha tid og rom til leik kvar dag. Alle barn skal få moglegheit til aktiv deltaking i leiken og å oppleve meistring. SFO skal legge til rette for og støtte opp om at leiken kan stimulere til vennskap, relasjonsbygging, språkutvikling, undring og kreativitet. SFO skal legge til rette for leik som engasjerer og inspirerer barna i aktivitet og til aktivitet, og som kan bidra til allsidig utvikling og læring. Aktiviteten i SFO skal ha eit tydeleg barneperspektiv. SFO bør legge til rette for at personalet jamleg kan diskutere og reflektere over kva leik inneber, og korleis ein som ansvarleg tilretteleggar opptrer i møte med leikande barn. SFO skal legge til rette for og inspirere til eit godt leikmiljø for alle barn. SFO skal legge til rette for at barn med behov for særskild tilrettelegging blir inkludert i leik og tilrettelagd aktivitet.

3.3. Kultur

Kultur skal ha ein viktig plass i SFO. SFO skal legge til rette for at barna får delta i ulike kunstnariske og kulturelle aktivitetar, slik som musikk, dans, drama og anna skapande verksem. Gjennom kulturaktivitetar skal SFO gi støtte til at barna får skape sine eigne uttrykk og får kjennskap til ulike måtar å uttrykkje seg på, slik at mangfoldet i barnegruppa blir representert. SFO skal bidra til at barna møter samisk kultur

3.4. Fysisk aktivitet og bevegelsesglede

SFO skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet som kan fremje rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna. SFO skal legge til rette for at alle barn får delta i variert rørsleleik og fysisk aktivitet, og bidra til aktivitetslyst. SFO bør legge til rette for aktivitetsformer som kan bidra til rørsleglede, og som

oppstår i leik saman med andre barn. Fysisk aktivitet kan òg varetakast gjennom organiserte aktivitetar. I tilrettelegging og organisering av aktivitetane skal leik og medverknad tilleggast stor vekt.

Det fysiske miljøet og utstyret skal vere utforma og tilrettelagt med tanke på alderen, funksjonsnivået og interessene til barna, slik at det fremjar fysisk aktiv leik.

SFO bør legge til rette for at barna kan vere utandørs ein del av tida dei er i SFO kvar dag. SFO kan vurdere korleis område i lokalmiljøet, til dømes skogholt, andre naturområde eller aktivitetsanlegg, kan brukast i leik, utforsking og fysisk aktivitet.

3.5. Mat og måltidsglede

SFO skal legge til rette for daglege måltid som gir barna grunnlag for å utvikle matglede, fellesskapskjensle og gode helsevanar. Barna skal få tilstrekkeleg tid og ro til å ete i løpet av tida dei er i SFO.

Måltidet kan vere matpakke eller mat servert av SFO. Når mat blir servert i SFO, bør SFO legge vekt på eit helsefremjande kosthald og byggje på kostråd frå Helsedirektoratet, og dessutan legge vekt på berekraftige matvanar og forbruk. SFO bør følgje nasjonale føringar for måltid.

Måltidet er ein dagleg og kvardagsnær arena som handlar om meir enn maten som blir eten. SFO bør legge til rette for måltidsglede med gode samtalar, deltaking og oppleving av fellesskap hos barna. Personalet bør delta aktivt i måltidet. SFO skal ha gode rutinar for hygiene og avfallshandtering og bør formidle desse til barna.

Å lage mat saman i SFO kan gi barna erfaring med korleis dei sjølv kan lage enkle og sunne måltid, og korleis dei saman med andre kan skape trivelege rammer rundt måltidet.

4. Ei inkluderande skolefritidsordning

SFO skal aktivt bidra til å danne fellesskap der alle barn kan delta og få ei oppleving av å høyre til. SFO skal bidra til at barn opplever likeverd, sosial tilhørsle og sosialt fellesskap med andre barn og med personalet. Dette føreset respekt for ulikskap og anerkjenning av mangfold. Fellesskap kan opplevast i større eller mindre grupper, og i leik og tilrettelagde aktivitetar. Personalet skal observere leiken og aktivitetane til barna, vurdere om alle barn blir gitt moglegheiter for deltaking, og med utgangspunkt i interessene til barna legge til rette for at alle barn kan delta.

Det skal vere ein variasjon i tilbodet som tek omsyn til barnegruppa og alderen, utviklinga og interessen til barna. Barn med behov for særskild tilrettelegging skal ha eit tilbod som legg til rette for at også dei kan vere inkluderte og delta likeverdig i leik, kultur og aktivitetar. SFO skal arbeide aktivt for å fremje universell utforming, jf. likestillings- og diskrimineringslova § 19, for å bidra til barna si inkludering og tilhørsle til fellesskapet.

SFO skal vareta, anerkjenne og synleggjere mangfold og legge til rette for at ulike språk, uttrykksformer og kulturar kan inkluderast i leik og aktivitet. I utforminga av leikemiljøet ute og inne skal SFO ta omsyn til mangfaldet i barnegruppa.

Gjennom å gi barn moglegheiter for aktiv deltaking i leik, kultur- og fritidsaktivitetar saman med andre barn kan skolefritidsordninga bidra til å jamne ut sosiale ulikskapar.

5. Samarbeid i skulefritidsordninga

5.1. Overordna om samarbeid

Omsynet til barnas beste skal ligge til grunn når SFO samarbeider med foreldre, skole, barnehage og andre offentlege instansar. SFO skal legge til rette for god dialog og samarbeid med foreldra. SFO skal gi foreldra informasjon om tilbodet, avklare gjensidige forventningar og legge til rette for at foreldre kan bidra i arbeidet med å vidareutvikle kvaliteten. Kommunen er ansvarleg for at foreldre får informasjon om kva som kan forventast av skolefritidstilbodet, og kva arenaer for samarbeid som finst. Kommunen skal også informere foreldre om moderasjonsordningane som gjeld for SFO, for å bidra til at familieøkonomi ikkje hindrar barn frå å delta i SFO. Kommunen skal sørge for at SFO ved behov blir inkludert i samarbeid med relevante verksemder og tenester, som mellom anna helsestasjonsog skolehelsetenesta, fastlegen, den pedagogisk-psykologiske tenesta og barnevernet. Kommunen skal sørge for at personalet kjenner til meldeplikta til barnevernet. SFO er i ein sentral posisjon til å kunne observere og få informasjon om barna sin omsorgs- og livssituasjon. SFO skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsett for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og skal ha kjennskap til korleis dette kan oppdagast og førebyggjast.

SFO skal samarbeide med skolen, heimen og med andre tenesteytarar dersom samarbeidet er nødvendig for å gi det enkelte barnet eit heilskapleg og samordna tenestetilbod. SFO skal delta i samarbeid om utarbeiding og oppfølging av tiltak og mål i den individuelle planen til barnet. I tillegg til samarbeid om enkeltbarn skal SFO også samarbeide med skolen og andre tenesteytarar for å vareta eigne og andre tenester sine oppgåver etter lov eller forskrift.

For barn med særskilde behov som har plass i SFO på 7. trinn, kan SFO også vere inkludert i samarbeidet om overgangen mellom Barneskole og ungdomsskole. SFO skal samarbeide med heimen og skolen for å legge til rette for at dei daglege overgangane mellom dei ulike arenaene blir gode. SFO bør samarbeide med skolen for å skape ein best mogleg heilskap i kvardagen for barna.

5.2. Overgang frå barnehage til skule og SFO

SFO skal bidra til å skape ein god og trygg overgang frå barnehage til skole og SFO saman med skolen og barnehagen, jf. opplæringslova § 13-5 og barnehagelova § 2a. Det er skoleeigar som har hovudansvaret for samarbeidet. Det er ein fordel om barna får moglegheit til å bli kjend med det fysiske miljøet og personalet i SFO før skolestart. Særleg for barn på 1. trinn som startar i SFO før den første skoledagen sin, spelar SFO ei viktig rolle i oppstartsfasen. SFO skal støtte barna den første tida for å bidra til at barna opplever tryggleik og tilhøyrslse.

6. Kvalitetsutvikling

6.1. Overordna om kvalitetsutvikling

Eigar skal leggje til rette for at SFO har moglegheiter til å planleggje og evaluere verksemda, drive kompetanseheving og reflektere over innhald og arbeidsmåtar. Eit godt samarbeid mellom eigaren og leiaren av SFO er ein føresetnad for forsvarleg innhaldsmessig og administrativ leiing. Leiaren har ei viktig rolle i å rettleie og leggje til rette for at personalet utviklar ei felles forståing av oppdraget som er gitt i rammeplanen.

SFO skal vere eit fellesskap og ein lærande organisasjon som jamleg vurderer og vidareutviklar praksisen sin. SFO skal leggje til rette for at heile personalet reflekterer over faglege og etiske spørsmål i tilknyting til verdiane og innhaldet i rammeplanen og korleis dei kan vere gode rollemodellar for barna. SFO må jobbe ut frå at barn er ulike, og at barnets beste har avgjerande betydning for innhaldet og arbeidsmåtane. I arbeidet med å utvikle kvaliteten i innhaldet og arbeidsmåtane skal SFO lytte og ta omsyn til det barna sjølv formidlar om si oppleveling av fellesskapet i SFO. Eit godt og tillitsfullt samarbeid mellom SFO og heimen er grunnleggjande for kvaliteten, og SFO skal leggje til rette for at foreldra kan bidra i kvalitetsutviklingsarbeidet.

Alle barn i SFO har rett til eit trygt og godt miljø som fremjar helse, trivsel og læring, jf. opplæringslova § 9 A-2. SFO skal førebyggje brot på retten til eit trygt og godt skolemiljø ved å arbeide kontinuerleg for å fremje helsa, tryggleiken og miljøet til barna etter § 9 A-3 og følgje opp aktivitetsplikta etter § 9 A-4. Ein viktig del av arbeidet med kvalitetsutvikling er at personalet, med bakgrunn i erfaringane sine frå det daglege arbeidet i SFO og gjennom observasjon av barna i den daglege leiken og aktivitetar, kan reflektere og utvikle kompetansen sin og vidareutvikle praksisen for verksemda.

6.2. Planarbeid

SFO skal planleggje innhald og arbeidsmåtar, og arbeidet skal evaluerast jamleg. Planlegging gir personalet grunnlag for å reflektere og jobbe langsiktig og systematisk for å utvikle verksemda. Planlegginga skal ta utgangspunkt i lokale forhold og bidra til å realisere rammeplanen for SFO. Arbeidet skal vere basert på inkludering og medverknad frå barn.

Kvar enkelt SFO skal utarbeide ein årsplan eller ein tilsvarande plan som skal vise korleis SFO omset verdigrunnlaget og innhaldet i rammeplanen til praksis. Planen skal vere ein arbeidsreiskap for personalet, og bidra til å gi informasjon til foreldre og andre samarbeidspartnarar.

I samiske distrikt skal SFO vurdere korleis planen kan sjåast i samanheng med den samiske årstidskalenderen, og korleis innhaldet og arbeidsmåtane kan knytast til årets gang og endringane i naturen og til tradisjonell kunnskap og levesett.

Del C: Lokale aktivitetar i Bømlo SFO

1. Samarbeid med kulturskulen

Bømlo kulturskule får tilført ressursar til eit forpliktande samarbeid med ein SFO pr semester. Kulturformidling i form av musikk, song, teater eller andre sceniske utrykk skal skje i møte mellom ulike kulturskulelærarar og SFO barna. Samarbeidet skjer i ein periode på ca ein månad og tilbodet går på omgang mellom dei ulike SFOane i kommunen.

2. Samarbeid med folkebiblioteket

Barna på SFO skal ha tilgang til bibliotekbøker. Gode bøker stimulerer til leseglede, som igjen bidrar til betre lesedugleik. Bøker til høgtlesing og til stillelesing skal vera tilgjengelege. Ein gong pr semester vil Bømlo folkebibliotek arrangera ei samling for SFO leiarar m.fl., der dei får presentert nye bøker som er skrivne for barn eller som barn ynskjer å lesa. Barna på SFO skal ha moglegheit for å låna bøker på skulebiblioteket.

3. Fysisk aktivitet

I folkehelseprosjekt og bruk av uteskule i undervisningssamanheng, vektlegg Bømlo kommune verdien av fysisk aktivitet. Barna på SFO i Bømlo skal ha rike mogleheter for fysisk aktivitet og utelek i SFO tida si. Uteaktivitar der barna får utfalda seg og brukt kroppen sin, skal det leggjast særskild til rette for.

4. Mat på SFO

Nettressursar:

Helsedirektoratet (<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-skolen/dokumenter-mat-og-maltider-i-skolen/mat-og-maltider-barneskole-og-SFO-nfr-bokmal.pdf/> /attachment/inline/fdf3025d-2bd6-4b59-8019-e2c0173e1c56:d0563784793afdf2982cc4811b49a1bb16dcfc7/mat-og-maltider-barneskole-og-SFO-nfr-bokmal.pdf)

Udir: (<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/innholdet-i-skolefritidsordningen/mat-og-maltidsglede/>)

5. Ulike prosjekt i SFO

Mange skular har delteke i aktivitetsprogrammet «Matjungelen». Gjennom leik og lærerike aktivitetar har barna fått dugleikar og auka engasjement om eit næringsrikt og berekraftig kosthald. Det er eit mål at alle SFO-tilbod i Bømlo skal ha delteke i dette.